

Nasjonal innsats for kvarmann.

Det vert skreve og sagt mykje om å vera nasjonale i denne tida, både av ven og fiend, slik at menigmann ofte vert litt ør av alt dette pratet om nasjonal innstilling. Til rettleiing vil vi seie at det å vera nasjonal idag er å bruka minst mogleg store ord, men gjera mest mogleg. Det å vera nasjonal idag er i hovudsaka eit spørsmål av praktisk art for den vanlege mannen, på same måte som det å vera unasjonalt og kjem tilsyne i dei praktiske handlingane i det daglege livet.

Korleis er det for t.d. ein bonde idag å vera nasjonal? Er det ikkje eit eller fleire spørsmål av praktisk art? Eller er det spørsmål om å syngja ein song i stille stunder, eller spreide det siste rykte om andre sin innsats? Dei fleste vil nok sanna at vår nasjonale innstilling kan berre vise seg i vår praksis, i våre handlingar.

I desse dagar, som alltid før om åra på denne tida, sig det ein veldig rikdom inn mot kysten vår. Det er silda som skal gje næring til tusen og atter tusen munnar nå og gjennom heile vinteren og sumaren. Korleis dei stiller med denne rikdommen, dei som når burt i han, avgjer om dei er nasjonale eller ei. Folk forsyner seg og sine med sild til eige bruk. Det er næringsvet, godt næringsvet og. Men den som kjøper opp meir sild enn til eige bruk, saltar for å lagra trygt for folket til nauda kjem, han har og samfunnsvet, han er nasjonal. Så enkel er egentleg definisjonen på å vera nasjonal idag. Ein fiskar som berre driv fisket for å tena pengar i desse tidene, har næringsvet (men slett ikkje godt næringsvet). Ein fiskar som driv fisket for å berga unna til folket, legg på lager, er nasjonal.

Sjå på ein vanleg sildesaltar i byen eller på landet. Kontoret hans arbeider under høgtrykk. Bestillingane strøymer inn frå ven og fiend. Pengane i kassen veks. Han gnikkar seg i hendene over god forretning, på tross av at saltmangelen gjer det vanskeleg å prekevera alt. Etter dagsens strev går han heim til godt duka bord, er moro sam ved middagsbordet med siste jøssingrykte og vits frå trikken om den eller den som har jeipa til ein tysker bak ryggen. Er dette den nasjonale typen? Ein annan sildesaltar er kanskje mindre morosam i selskap av gode jøssingar, men han har skiffa tønner, salt m.m. til lagring av fiskevarer som skal haldast unna fienden. Han tenkjer mindre på fortienesta, men gled seg over kvar dunk han har fått smete til side unna fienden sine griske klør. Det ver den nasjonale type. Ein bøder, ein eksportør, ein disponent for ein sildoljefabrikk eller hermetikkfabrikk, ein kontormann i sildebransjen eller ein annan stad i matproduksjonen, dei viser alle sitt nasjonale sinnelag i det praktiske liv.

Ein færing ligg i nærleiken av sildefeldtet og fiskar sei. Fin og stor sei. Kvar seien vert av, segjer oss om mannen i færingen er nasjonal eller ikkje. Eit lite lokalt fiske av torsk set inn. Alle i nærleiken strevar seg fram med torskegarna sine. Veit ein kvar fisken vert av, veit ein og kva slag folk det er som fiskar.

Kjem det ikkje parolar om slikt som er så enkelt, kan ein spørja. Du skal ikkje sjå oppover for å veta kva du skal gjera. Då vert du ein trel som er bunnen til dei som berre vil styra. Dei skryter kanskje av deg, sjøl om du ingen ting gjer, berre du vil stemme på dei ein gong når valet kjem. Du skal fylgja den parole som ditt eige samvet seier er rett. Vern om deg og dine, slik at du verner om alle i samfunnet. Då er du på trygg grunn, då er du nasjonal.

I haust kunne dei fleste bønder visa sin nasjonale innstilling ved å ta vare på grøda si. Den som la tilside sette- og matpoteter til seg sjøl, synte næringsvet. Den som og la tilside eit kriselager for samfunnet, var nasjonal. Lat dei store orda falla. I praksis skal du syna om du er nasjonal, eller trel under penge- og fiendmakt.

Når du les dette, skal du med ein gong tenkja på om du har salta den silda vi tyt om her. Har du ikkje gjort det, så skund deg med det ennå er tid. Prøv ikkje å koma med utflukter om vanskaner med kje-

rald, salt, o.l. Det kan ordnast dersom du vil. Den som saltar to stampar sild nå, som han seinare steller til disposisjon for samfundet, har gjort større nasjonal innsats enn femti som har sputta på ein tysker som gjekk av trikken.

Vår politiske framtid.

"Politiske analfabetar".

Statsminstar Johan Nygårdsvold held nyleg ein frisk tale for nordmenn i England, der han kom inn på dei politiske tilhøva mellom nordmenn i motstandsfronten, og spørsmålet om atterreisninga av demokratiet etter krigen. Statsministaren tok avstand frå dei som ville laga eit skilje mellom heime- og utefront, dei som ville vega den eine innsatsen mot den andre. Dette ville berre føra til kiv og kjekl. Statsministaren kom og inn på ymse planar for denne atterreisninga, som vart utgjevne for at regjeringa sto bak. Regjeringa hadde ikkje gjeve desse planane si godkjenning. Regjeringa ville sjølsagt ikkje gjera noko som strei mot det demokratiet vi hadde. Fri meiningsutveksling om desse og andre politiske spørsmål, måtte sjølsagt få lov å finna stad. "Berre politiske analfabetar" kunne hevda at vi skulle tvingast inn å ha berre eit parti, og at det ikkje skulle vera høve til serskilde politiske meininger, uttalte Nygårdsvold.

Etter statsministaren sin tale, var det tydeleg at det eksisterar folk som lagar planar for etterkrigstida, både av politisk og økonomisk art, som utgjev det for å vera regjeringa sitt standpunkt, utan at regjeringa har teke stoda til planane. Vi kan derfor gå ut frå at alle planar som går under namnet nynazisme, der førarprinsippet skal innførast i kommunalordninga, ei ny regjering skipast utan innkalling av Stortinget, o.s.v., ikkje har regjeringa si godkjenning. Likeeins er det klart at alle retningslinjer som kan verta sende ut med det formål å likeretta den underjordiske presse, nekta det frie ord å koma fram o.s.v. ikkje har regjeringa si godkjenning, sjøl om slike planar og retningslinjer kan ha fått Hjemmefrontens ledelses stempel. Det som strir mot grunnlova og våre demokratiske rettar, har ikkje og kan ikkje ha regjeringa si godkjenning.

Alle lesarar av Gjallarhorn, har gjennom bladet vorte kjende med slike antidemokratiske planar og retningar, og vi har sjølsagt ikkje bøyggt oss for krava om å sei fra oss det frie ord, når det gjalt vår rett til å uttale vår meining om atterreisninga av vårt forfatningsmessige demokrati. Den underjordiske presse vert kalla den frie presse i alle undertrykte land. Vi ville svikte vårt kall, dersom vi under jorda let boss "gleichschalta". Vi bygger vår ytringsfridom på grunnlova vår. Det er med stor glede vi høyrde statsministaren, som det høver seg for regjeringssjefen for eit demokratisk samfunn, gje oss sin fulle støna til fri meiningsutveksling for å hevda ei demokratisk line som grunnlag for fridomskampen. Det einaste vi sakna i Statsministaren sin tale var eit greidt standpunkt om at Stortinget skulle innkallast straks krigen var over.

Det folket her heime i Norge nå må krevja er at Hjemmefrontens ledelse tar greidt standpunkt til grunnlova og våre viktigaste forfatningsmessige spørsmål i samhøve med den. Dette må verta gjort klart og tydeleg, og ikkje som statsministaren uttrykte det: "En bekjennelse til demokratiet med leppene", men ikkje i praksis og vedtak. Folket må ha full garanti for at Hjemmefrontens ledelse vil

1. Bygge på og vere loyale overfor den norske grunnlova.
2. I samhøve med denne, gå inn for at våre folkevalde organ Storting, by- og herredstyrer vert innkalla straks krigen er over.
3. Vera loyale overfor det høgste forfatningsmessige organ, Stortinget, og den regjerande makt som ~~bygger~~ støtter seg til dette.
4. Bygge på det samhald i folket som stø seg på grunnlova.
5. Garantera det frie ord i den frie underjordiske presse.